

Bevaringstenestene

MUSEUMSSENTERET i Hordaland



Kode-Kunstmuseene i Bergen
Bymuseet i Bergen
Hardanger og Voss museum
Baroniet i Rosendal
Sunnhordland Museum
Norsk Vasskraft og Industriadmuseum
Museumssenteret i Hordaland
Museum Vest
Bergens Sjøfartsmuseum
Hordaland fylkeskommune v/ Elisabeth Bjørsvik

Salhus, 5. februar 2014

Dykkar ref.:

Vår ref.:b 34.0/

Velkommen til det fyrste møtet om ei felles samlingsforvaltningplan for musea i Hordaland

Torsdag 27. mars på Bevaringstenestene 4. etasje kl. 11:00 til 15:00 (lunsj fra 11:00 til 11:30).

Hordaland fylkeskommune har løyvd 200.000 kr til Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland for å utarbeide ein overordna samlingsforvaltningsplan for dei konsoliderte musea i Hordaland.

Bevaringstenestene har tilsett Torunn Kojan Bøe, som til dagleg er rådgjevar og samlingsansvarleg ved Norsk Trikotasjemuseum, til å skrive eit førsteutkast til ein plan. Ho er tilsett i 50 % stilling som prosjektleiar i 6 månader frå 1. februar.

I Hordaland Fylkeskommunes plan for museum 2011-2015 står det:

Musea i Hordaland skal lage ein felles plan for samlingsforvaltninga, som omhandlar både innsamling og forvaltning av eksisterande samlingar, inkludert kulturlandskap. Museum som er utanfor dei konsoliderte einingane bør også vere med. Tiltaket skal gje ei samla oversikt over samlingane, ein må utvikle system og rutinar for samhandling, og få i stand ei tydelig arbeidsdeling slik at samlingsforvaltninga vert meir rasjonell. Bevaringstenestene, Museumssenteret i Hordaland, skal ha ei koordinerande rolle.

Målsetninga med møtet er:

- Å definere mål og mandat for arbeidet med planen.
- Etablere ei arbeidsgruppe som deltek i utvikling av planen undervegs.

Salhusvegen 201
5107 Salhus

bevaringstenestene@muho.no
www.muho.no

Telefon: 55 25 10 87 /
404 04 859

Org. nr.: 971 349 743
Konto nr.: 3625.19.69684



Årets museum 2007

I forkant av møtet er det fint om dei musea som har eigne samlingsforvaltningsplanar kan sende dei til Torunn på e-mail (tkb@muho.no).

For å få mest mogleg ut av møtet ber vi om at kvart enkelt museum:

- tenkjer igjennom kva som er dei tre største utfordringane ein har innan samlingsforvaltninga
- førebur innspeil til og diskusjon om kva planen bør innehalde
- viktige fokusområde
- prioriteringar og anna

Bevaringstenestene ser fram til eit godt samarbeid med musea om den felles plan for samlingsforvaltning.

Meld frå om deltaking innan måndag 24. mars grunna tinging av lunsjen.

Med vennlig helsing

Inger Raknes Pedersen

Avdelingsleiar

Torunn Kojan Bø

Prosjektleiar